

MODALSTUNET BU OG OPPTRENING
c/o Modalen kommune, Postboks 44
5732 MODALEN

Dykkar ref:
Vår ref: 2023/123627
Dato: 8. juni 2023
Org.nr: 985399077

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmidler



Inspeksjonsrapport - utan oppfølging

Vi viser til inspeksjonen ved MODALSTUNET BU OG OPPTRENING den 7. juni 2023.

Seniorinspektør Randi Torstad og seniorinspektør Rannveig Linga gjennomførte inspeksjonen. Willeke Weerts, Laila Bolstad og Maybritt Tufte var til stades.

Inspeksjonen omfatta

- Modalstunet bu & opptrening

Oppsummering

Mattilsynet gjennomførte eit umeld tilsyn på kjøkkenet på Modalstunet. Hovudintrykket er bra. De har gode rutinar for å sikra trygg mat til bebuarane og dei som får levert mat heim.

Overflater på kjøkkenet er i hovudsak av gode materiale slik at det er lett å halda reint, slik regelverket krev. Delar av veggane har malt strukturstri. Dette er først og fremst øvste del av veggane, bortsett frå vegg mot spisesal. Veggane var reine og i god stand bortsett frå over oppvaskemaskin, der malinga var sprekt nokre stader. Vi oppfatta at reinhald av veggane var vanskeleg. Vi pålegg ikkje dykk utbetringar i denne omgang, men tilrår at de gjer vurderingar som sikrar at regelverket vert følgd.

Oversikt over Mattilsynet sine kontrollpunkt med reaksjonar

• Råvarer og ingredienser	Inga oppfølging
• Renhold av utstyr	Inga oppfølging
• Renhold av lokaler	Inga oppfølging
• Håndvask	Inga oppfølging
• Vedlikehold av lokaler	Inga oppfølging
• Håndtering og lagring av næringsmidler	Inga oppfølging
• Merking, sporbarhet og identifikasjon	Inga oppfølging

Vi viser og til digital tilsynskvittering datert 7. juni 2023. Der står observasjonane vi gjorde under inspeksjonen.

Konklusjon

Ved dette tilsynet har vi ikkje funne noko som treng vidare oppfølging frå vår side.

Vår rett til å føre tilsyn og fatte nødvendige vedtak

Mattilsynet sin rett til å føre tilsyn og fatte nødvendige vedtak følgjer av matloven § 23.

Sjå og vedlegg om rettar og regelverk.

Med helsing

Randi Øyen Afdal
seksjonssjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur.
Dokument som må ha signatur blir i tillegg sendt i papirversjon.*

Vedlegg:
Rettar og regelverk

Rettar og regelverk

Rett til å få rettleiing om regelverket og sakshandsaminga

De kan krevje å få vite kva regelverk som gjeld for dykk og dykkar verksemd, kor de finn regelverket og korleis ein skal forstå dette regelverket. De har òg rett til å få vite korleis dykkar sak blir behandla, og kva rett de har i den samanheng. Rettleiingsplikta vår er bestemt i forvaltningsloven § 11.

Rett til å sjå saksdokumenta

Retten til partsyn er bestemt i forvaltningsloven §§ 18 - 21.

Vi har vurdert aktiviteten etter dette regelverket

- FOR 2008-12-22 nr 1620: Forskrift 22. des. 2008 nr. 1620 om allmenne prinsipper og krav i næringsmiddelregelverket (matlovsforskriften)
- FOR 2008-12-22 nr 1623: Forskrift 22. des. 2008 nr. 1623 om næringsmiddelhygiene (næringsmiddelhygieneforskriften) (næringsmiddelhygieneforskriften)

Elektronisk post til Mattilsynet

Send elektronisk post til postmottak@mattilsynet.no. Dersom dokumenta inneheld sensitive opplysningar eller er omfatta av teieplikt, tilrår vi bruk av eDialog. Informasjon om dette finn du på Mattilsynet.no under "Kontakt oss".

